

Idrettslaget: Eigedomssal skal utgreiaast vidare

24.01.2010



Bjørn Olav Tveit (til høgre) orienterer årsmøtet om grusbanesaka (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mot ei røyst har årsmøtet i Uskedal Idrettslag bede styret om å utgreie spørsmålet om sal av eigedom rundt grusbana. Eit eventuelt vedtak om sal kan berre fattast på eit ekstraordinært årsmøte.

Då saka var oppe på årsmøtet kom det fram at det manglar viktige opplysningar på fleire sentrale punkt, til dømes om kva som er bestemt om grusbana som parkeringsplass.

Nestleiar Bjørn Olav Tveit som la fram styret sitt syn på saka, presiserte at han ikkje var bekymra for utgiftene knytta til bana, men korleis ein kan skapa større aktivitet der. Styret la fram forslag om at det skulle få fullmakt til sal av randsona utan at dette forringa bruken av bana, men dette forslaget vart altså noko moderert under handsaminga.

Tveit streka under at idrettslaget sine behov er endra i dei seinare åra og grusbana er idag å betrakta som eit daudt areal sett frå laget sitt synspunkt. Til dømes går fotballtreningsa no føre seg innandørs om vinteren. - Vi har meir enn nok med å drifta den eigedom som vi faktisk brukar. Ved å selgja randsona kan vi skaffe pengar og vurdera nye prosjekt, som ballbinge og kunstgras, sa Tveit.

Bjarte Døssland streka under at hensikten ikkje var å ta stilling til sal under dette møtet. Bjarne Lilleaas spurde om det aktuelle arealet er stort nok for bustadbyggjing, men svaret var at det veit ein ikkje i dag.. Harald Sunde åtvara sterkt mot sal og minnte om den store innsatsen som i si tid vart gjort for å sikra dette arealet.

Jostein Hauso meinte også at idrettslaget no har meir enn nok å stella med medan Oddmund Soldal meinte at bana er reservert til parkering, noko som stoppar alle visjonar. Odd Steinar Arnesen streka under at ein må klarleggja kva ein faktisk kan gjera med området. Han meinte at det er området som er aktuelt for sal som er meint til parkering.

Pål Haugland påpeika at utgiftene må ned. Men å halda på grusbana kostar nesten ingenting - det er Heio som kostar altfor mykje.

Av Ola Matti Mathisen